



Foto: Astrid Fjose

Planvask – informasjon og rettleiing

Planvask er eit «nyord» i planlegginga. Fram til no finn ein ikkje dette omgrepet i lowerk, forskrifter eller for eksempel i den siste utgåva av [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) frå regjeringa. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark vil difor nytta høve til ei enkel innføring i omgrepet og føremåla som ligg bak.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står det mellom anna:

«Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster.»

Saman med pbl § 10-1 er dette dei viktigaste drivarane for auka fokus på planvask:

«Kommunestyret skal][utarbeide og vedta en kommunal planstrategi.»

«Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»




Foto: Astrid Fjose

Både arealbruken og arealbehova endrar seg over tid. Samtidig endrar føringane for god arealplanlegging seg. Omsyn til klimaendringar, jordvern og samordna bustad, areal- og transportplanlegging legg jamleg nye føringar for arealbruken. **Planvask betyr i praksis at gamle planar må reviderast; vaskast, slik at dei vert meir i tråd med nye krav og ansvaret Noreg har for å følgja opp Parisavtalen, Naturavtalen og Berekraftsmåla.**

Jamfør rapporten [Kartlegging av tomtereserver for fritidsbolig i Norge](#) frå KDD i 2022 var til dømes den estimerte totale reserven på 1 479 km², eller 1 479 000 dekar. Den estimerte tomtereserven er lik arealet av om lag 200 000 fotballbaner eller eit areal omtrent fire gonger storleiken til Mjøsa.

Frå innleiinga av rapporten siterer vi:

Mens områder som er avsatt til fritidsbolig kan ligge urealisert i kommunale planer i lengre tid, oppdateres f.eks. «Nasjonale forventninger til kommunal planlegging» med jevne mellomrom. Samtidig kan ny kunnskap og nye forvaltningsstrategier] [føre til endret vurdering av konsekvenser av eksisterende og planlagt bebyggelse for natur og miljø. Kunnskap om hvilke områder som samlet er avsatt til fritidsboliger i eksisterende planer, vil gi bedre forutsetninger for å vurdere behovet for eventuelle nye områder for fritidsboliger. Med bakgrunn i nye forutsetninger, utfordringer, forventninger og kunnskap, har noen kommuner satt i gang et arbeid med å revurdere utdaterte («klimagammeldagse») arealplaner (Bryne 2021). En oppdatering og revurdering av ikke realiserte planer er dermed et godt utgangspunkt for å unngå konfliktfylt nybygging.

Samfunnsendringar og nye **Statlige retningslinjer for arealbruk og mobilitet og Statlige planretningslinjer for klima**, vil vere vesentlege føringar for revisjon og planvask av eldre planar.

Vi viser også til Distriktssenteret si heimeside for [enkelplanlegging.no](#) og [Hva er «planvask»?>](#)



Foto: Astrid Fjose

Planvask – anbefalingar

- **KPA**

Vurdera på nytt avsette områder til ny utbygging i gjeldane plan. Er det endra behov, bruksmønster eller føringar som gjer at desse må endrast/flyttast/takast ut av KPA?

- **Reguleringsplan**

A. Ikkje-realiserde planar kan opphevast jamfør § 12-14 første ledd.

B. Eldre, delvis eller tilnærma utbygde planar, kan reviderast etter § 12-14 første ledd.

Webinar 17.9 24 ved Miljødirektoratet: [Planrevisjon og planvask for klima- og naturhensyn](#)



Statsforvalteren i Troms og Finnmark

*Romssa ja Finnmárkku stáhtahálddašeaddji
Tromssan ja Finmarkun staatinhallittija*

[Facebook](#) statsforvalterentromsogfinnmark
[Twitter](#) Statsforvalt_TF
[Nettside](#) statsforvalteren.no/troms-finnmark